



RIKSADVOKATEN

Samlege statsadvokatembete, også Økokrim

Sendast berre på e-post

DYKKAR REF.:

VÅR REF.:

DATO:

2015/01777-019 BIS/ggr
654

15.06.2016

DIREKTIV OM FASTSETTING AV FRIST FOR STØTTESKRIV I STRAFFESAKER VED ANKE OVER DOM OG OM OVERSENDING AV SAKA TIL ANKEDOMSTOLEN

I brev 25. mai d.å. (vedlagt) til riksadvokaten, Advokatforeininga og dei faste forsvararane ved Høgsterett, er det varsla at Høgsterett frå no av vil praktisere den fristen påtalemakta har gitt forsvarar for å sende inn støtteskriv. Dersom det ved oversendinga ikkje ligg føre støtteskriv, inneber dette at Høgsterett sitt ankeutval vil ta saka under behandling utan at ein kan rekne med at det vil bli satt ein ny frist for støtteskriv.

Høgsterett oppmodar i brevet påtalemakta om å sette ein heilt tydeleg frist for forsvarar til å sende inn støtteskriv ved anke over dom i straffesak, og til å gjere forsvarar merksam på at han ikkje kan rekne med at Høgsterett vil sette ny frist for støtteskrivet. I brevet er det vist til avgjerda i Rt. 2014 side 82 som gjaldt spørsmålet om det var feil av lagmannsretten å nekte en anke fremma 20 dagar etter at den fristen påtalemakta hadde gitt forsvarar for støtteskriv var utløypet, utan at lagmannsretten først sjølv hadde etterlyst skrivet.

Riksadvokaten fastsett på denne bakgrunn at følgjande rutinar skal gjelde for påtalemakta når domfelte har anka og det ikkje allereie ligg føre støtteskriv frå forsvarar:

- Påtalemakta skal straks sette ein kort frist, fastsett til ein bestemt dato, for forsvarar for å inngi støtteskriv. Fristen bør normalt ikkje overstige 14 dagar. I fristbrevet skal forsvarer gjerast merksam på at saka vil bli sendt ankedomstolen (eventuelt høgare påtalemakt for vidare oversending til ankedomstolen) når fristen er utløypet, og at han ikkje kan rekne med at ankedomstolen vil sette ny frist. Ein skal samtidig be forsvarar gi beskjed straks dersom støtteskriv ikkje vil bli sendt. I ein overgangsperiode – ut inneverande år – kan følgjande standardformulering nyttast ved anker til Høgsterett:

"Etter utløpet av fristen vil saken bli sendt riksadvokaten for videre oversendelse til Høyesterett. Høyesterett har opplyst at retten fremover vil praktisere fristene som påtalemyndigheten setter for innsendelse av støtteskriv, og det kan følgelig ikke påregnes at Høyesterett vil sette ny frist."

Ved anker til lagmannsretten kan formuleringa vere slik:

"Etter utløpet av fristen vil saken bli sendt til [lagmannsretten, evt. statsadvokaten for videre oversendelse til lagmannsretten]. Høyesterett har opplyst at retten fremover vil praktisere fristene som påtalemyndigheten setter for innsendelse av støtteskriv, noe som ventelig vil påvirke lagmannsrettenes praksis, jj. også Rt. 2014 side 82. Det kan derfor ikke påregnes at lagmannsretten vil sette ny frist for innsendelse av støtteskriv."

Korrespondanse som nemnd kan med fordel skjer per e-post, eventuelt i kombinasjon med brevpost.

- Når støtteskriv er mottatt, eventuelt når fristen er utløpt eller det er varsla at støtteskriv ikkje vil bli sendt inn, skal saka straks sendast vidare med dei merknader som påtalemakta måtte ha. Det er tilstrekkeleg at det ligg føre utskrift av ein underskriven skannet versjon av støtteskrivet, og det er ikkje nødvendig å ettersende originalen med mindre ankedomstolen ber om det.

Er støtteskriv ikkje innkome kan følgjande standardformulering nyttast ved seinare påteikning:

"Støtteskriv fra forsvarer er ikke innkommet innen fastsatt frist. Forsvarer er i brev [dato] gjort oppmerksom på at det ikke kan påregnes at [lagmannsretten, Høyesterett] vil sette ny frist."

Påteikning til retten om oversending av ankar skal sendast i kopi til forsvarar. Er støtteskriv ikkje mottatt skal kopien også sendast per e-post. Det må gå fram av påteikninga at forsvarer får kopi.

Rutinane gjeld når domfelte har anka til lagmannsretten etter straffeprosessloven § 321 første og andre ledd og ved anke til Högsterett. Ut inneverande år bør ein gjenpart av Högsterett sitt brev leggjast ved fristbrevet til forsvarar ved anke til Högsterett, så framt ein ikkje veit at forsvararen har motteke brevet tidlegare.

Direktiva ovanfor inneber ei ytterlegare innskjerping av det som går fram av riksadvokaten sitt brev til embeta 6. mai i år. Ein ber om at statsadvokatane formidlar direktiva over vidare til påtalemakta i politiet.

Tor-Aksel Busch

Birgitte Istad
statsadvokat

Vedlegg

Gjenpart (utan vedlegg):

Noregs Högsterett, pb. 8016 Dep, 0030 Oslo

Den Norske Advokatforening per e-post til post@advokatforeningen.no

Førstelagmennene

